

## Gode grunner til å velje dåp

**Kvart år blir over 35 000 spedborn døypte i Den norske kyrkja. I tillegg vel mange born, unge og vaksne å bli døypt. Det er det fleire gode grunnar til. Her er fire av dei:**



### 1. TRADISJON

Når du vel dåp trer du inn i ein tradisjon som har vore viktig for menneske i hundrevis av år.

### 2. EN DEL AV NOE STØRRE

I dåpen blir du del av noko større. Den døypte blir feira og ønskt varmt velkommen som del av fellesskapet i kyrkjelyden der du bur og som del av den kristne kyrkja, som strekkjer seg over heile verda.



### 3. FEIRING

For mange handlar dåpen om tradisjonar, gode minne, å skape ein dag for familien og å ha eit punkt som handlar om å feire ei ny byrjing og eit nytt liv.

### 4. ÅPEN FOR ALLE

Alle kan bli døypte i Den norske kyrkja. Alle som blir døypte får ta imot Guds kjærleik. Det blir ikkje stilt nokon krav, og valet er ditt.

### PÅMELDING OG MEIR INFO

I samarbeid med deg finn vi ut korleis vi best kan leggje til rette for ein fin dåpsdag – enten under gudstenesta søndag eller ein annan dag.

For meir informasjon:




# Velkommen til dåp!

Rom for byrjing, uansett alder.



DEN NORSKE KYRKJA

## Velkommen til dåp i



Alle foto høyrer til Den norske kyrkja. Fotografarar: Yon og Bo Mathisen

**Dåpen er ein flott tradisjon, markerer ein ny start og set livet i ein større samanheng. Det å bli døypt knyter oss saman med Gud. I dåpen blir du ein del av den store fellesskapen i kyrkja.**

### TRUA I GÅVE

I dåpen blir vi møtte av Guds kjærleik. Vi får trua i gåve og dåpen gir oss del i Guds frelse. Historisk kjem ordet frelse frå då slavar blei sette fri. I dåpen blir vi også sett fri til eit heilt liv og eit håp om at livet vinn over døden og det vonde.

### DÅPEN ER FOR ALLE

Alle kan bli døypt – når som helst i livet. Mange born blir døypte innan dei fyller eitt år. Det er ingenting i vegen for at vaksne, ungdommar og større born blir døypte. Dåp går føre seg i gudstenesta eller i eigne dåps-gudstenester. Dåpen er ei tradisjonsrik og høgtidelig hending!

### VELJE FADRAR

For mange er det eit heidersoppdrag å vere fadder! Når eit menneske blir døypt, må ein ha minst to fadrar. Ein fadder må ha fylt 15 år og skal som hovudregel vere medlem av Den norske kyrkja. Medlemmar frå andre kyrkjesamfunn kan vere fadrar så lenge dei aksepterer barnedåp. Ved barnedåp er det foreldra som bestemmer kven som skal vere fadrar. Det er vanlegast å velje blant familie og vener. Fadderen skal saman med kyrkjelyden vise omsorg for den som er døypt, og hjelpe den døypte til å leve og vekse i den kristne trua.

### DÅPSSAMTALE

Før dåpen blir det avtalt samtale med deg som har valt dåp. Dette er kalla dåpssamtale. Dette kan skje individuelt eller i gruppe med andre som har valt dåp. Samtalen handlar om kva dåpen er og betyr, kva som skjer under dåpen i kyrkja - og du kan stille spørsmål.

### NÅR OG HVOR

### ULIKE FEIRINGAR

Den norske kyrkja ønskjer å leggje til rette for at alle kan bli døypte, uansett alder. Somme vel å invitere familie og vener til kyrkja, nokre har ein fest eller ei markering etterpå, men det er heilt opp til deg korleis du ønskjer å markere dåpsdagen.

### UTFORSK TRUA

Gjennom dåp og kjennskap til trua har ein eit grunnlag for å gjere sjølvstendige val. Kyrkjelyden har mange tilbod til born, unge og vaksne som gir rom for å utforske kva det betyr å vere døypt og om innhaldet i den kristne trua. Kyrkjelyden er også eit fellesskap som gjer at vi ikkje treng å tru heilt åleine. Det er godt å ha menneske rundt seg under alle fasar i livet.